



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4612 - 14/25189

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
11.11.2014

Manglar i søknad om igangsettingsløyve - gbnr 146/21 Fosse Ytre - avløpsanlegg

Viser til søknad om igangsettingsløyve motteken den 29.10.2014,
og til rammeløyve datert 25.06.2012, utsleppsløyve datert 25.06.2012 og uttale frå DHIVA IKS 31.05.2012.

Vi har følgjande merknad til dei mottekne dokumenta:

Ansvarsrettar

Ansvarsrettane skal dekkja heile anlegget frå og med minireinselegg til og med prøvetakingakummar.

Stendal VVS AS har søkt om ansvarsrett for SØK og UTF for anlegget, og har sentral godkjenning,

Tison-Titlestad AS har søkt om lokal godkjenning for PRO, men det er litt uklart om ansvaret omfattar heile anlegget. Føretaket har heller ikkje levert komplett ansvarssøknad (manglar blankett 5159 og 5160).

Sweco Norge AS er oppført som ansvarleg for uavhengig kontroll av prosjektering, men det er ikkje lagt ved søknad om ansvarsrett frå føretaket. Notat frå Sweco om uavhengig kontroll påpeikar ein del avvik/manglar i søknad/prosjektering. Men det er ikkje lagt ved noko skriftleg frå Sweco som dokumenterer at avvika er retta.

Vassanalyse

Den vassanalysen som ligg ved seier noko om kjemisk kvalitet, men det er ingen opplysningar om bakteriologisk tilstand, som absolutt må vera med når drikkevasskvaliteten skal vurderast.

Vasskjelde er ikkje identifisert, berre eigaren av vasskjelda. Lars Helge Fosse har to stk vasskjelder som skal kontrollerast før bygging av anlegget.

Teikningsmateriell

Vi har tidlegare peika på mangelfull identifisering/signatur/datering av dokument. Flytskjemaet frå Tison-Titlestad (vedlegg 1) er det einaste teikningsdokumentet som har tilfredsstillande identifisering og datering. Dei andre (vedlegg 11 – 13) er datert og signert av tiltakshavar og vi er usikre på om dei inngår i

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

prosjekteringa. Prøvetakingskummar er vist berre på den eine av situasjonsplanane. Har prosjekterande sett på plasseringa ?

Utvida Serviceavtale

etter vilkår nr 4 i utsleppsløyvet er ikkje vedlagt. Denne skal omfatta heile anlegget med prøvetaking og analyse etter dei ulike reinsetrinna.

Andre manglar ved søknaden

Vi ser ikkje bort frå at det kan vera andre manglar, som evt kan verta oppdaga under handsaming av søknaden.

Oppsummering

Søknad om igangsettingsløyve er altså ikkje fullstendig. Det er ikkje dokumentert at detaljprosjektering er utført i samsvar med rammeløyvet og utleppsløyvet. Uttalen frå DHIVA IKS datert 31.05.2012 inngår som vilkår for begge løyva.

Vi må be om at søknaden vert komplettert innan 15.01.2015. Dersom vi ikkje har motteke manglande dokumentasjon innan denne datoen, vil vi senda tiltakshavar pålegg om innsending av manglande dokumentasjon med varsel om tvangsmulkt.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jostein Antoniazzi	Skarsvegen 417	5911	ALVERSUND
Ingeniørfirma Tison-Titlestad AS	Leirvikåsen 39 B	5179	GODVIK

Mottakarar:

Stendal VVS AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND
----------------	--------------	------	-----------